

Kreasjonistar som levande fossil

Ytring

Kreasjonisme = anakronisme

I sagretningane biologi og paleontologi finst begrepet «levende fossil». Det er eigentleg paradoxalt fordi fossil pr definisjon er døde og forstein organisamar. Men det blir nytta om nærvande dyr- eller planteartar som synet arkaiske trekk. Desse har ikkje forandra seg gjennom millionar av år.

Diskusjonen om mørnsterplanen del siste vekene viser enno ein gong at kreasjonistane har lykje til felles med levande fossil. Dei står for ei bokstavtroling av deri bibelske skapingshistoria. Slik minner dei om skolastikarane frå den tidlege middealdaren.

Fra Augustinius til Bondevik var det gatt mykje tid, men kreasjonistane ser ut til å ha overlevd vår kulturelle evolusjon uskadd. Dei er få og deira syn er ekstremt, men flinke er dei til å skape forvirring blant oss andre, om vi nå er religiøse eller ateistiske.

Slik får reglane for undervisninga i naturfag (!) formuleringar som denne:

Skolen må opplyse om at det ikke foreligger noe endelig vitenskapelig svar når det gjelder menneskeslektenes historie, og at det ikke behøver å være noe motsetningsforhold mellom naturvitenskapelige teorier og Bibelens lære om skapeisen».

Som følgje av denne setninga kunne vi lese eit større antall avisinnlegg. Dei skal eg her ikkje gå nærmare inn på og heller ikkje på mørnsterplanen som eg elles (bortsett frå den svært ueheldige setninga) ikkje synest er så

rust. Meir vesentleg er spørsmålet kva som gjer det at den gamle striden om utviklingslæra (og menneskets opphav) ikkje for lengst er plassert der den høyrer heime – i historiebøkene.

Diskusjonen dukkar opp med same mellomrom. Men kvar ng vert den førd med dei same argumenta som før. Ofte set partane berre påstand mot

striden om utviklingslæra står kreasjonisme ofte fram som om den var det einaste alternativet til ateisme. Slik er den med på å hindre at evolusjonsteorien blir til ein full akseptert del av verdsynet til eit moderne og informert samfunn.

Kreasjonistanes innvendingar mot utviklingslæra og korfor dei er uholdbare:

- Kreasjonistane hevdar at heile utviklingslæra er rein spekulasjon, at påståndane ikkje kan bevisast og at den ikkje kan kallast ein vitskapleg teori.
- Her nyttar kreasjonistane seg av ein vitskapsteoretisk diskusjon som har lite med saka å gjere. Filosofen Karl R. Popper sa at for å vere vitskapleg må ein teori kunne utsetjast for prøver, d.v.s. eksperiment. Sjølv om det aldri kunne finnast eit endeleg bevis på ein teori kan eksperimenta gjeire den meire eller mindre sannsynleg. Utviklingslæra kan derimot ikkje utsetjast for slike prøver. Popper kalla den derfor for metafysikk.

Dette var vatr på kreasjonistane kvern. Å kunne støtte seg til ein så respektert autoritet som Popper måtte da gi argumentasjonen deira den nødvendige tyngda. Men imidlertid står Popper fram som ein overbevist darwinist! Han beklagar at han i utgangspunktet har vore for sterkt orientert mot fysikk med lite innblikk i biologien. I dag bruker han i sine vitskapsteoretiske betrakkingar det darwinistiske prinsippet som eit mønster på korleis vitskaplege teoriar utviklar seg, nemleg gjennom prøving og feiling.

Dersom ein teori ikkje kan gi svar på alle observasjonar, må den erstattast med ein betre tilpassa teori. For evolusjonsteorien betyr dette at dersom den ikkje er i samsvar med alle forskningsresultat, så er alternativet ein betre tilpassa evolusjons-teori, men ikkje bibelens skapingshistorie.

Ein teori kan ikkje kallast for mogelege mellomstadium i utviklinga. Funna høyrer fordi den ikkje kan utsetjast for

Begrepet art er noko abstrakt og står for et statistisk gjennomsnitt av alle individua. Avviket frå gjennomsnittet blir kalla naturleg variasjon innan arten eller populasjonen.

Det er på det reine at endringane som skjer innan ein populasjon, fører til at gjennomsnittet etter kvart forskyv seg. Slik endrar arten seg som ein sum av alle individua og blir til slutt til noko anna enn den har vore tidlegare. Artens statisk, ikkje statisk.

Evolusjonen er ein gradvis prosess. Dette er ikkje i strid med ei utvikling utover artsgrensa. Eit einskild individ kan alltid tilordna eit art. Men samtidig er individet også ei mellomform, mellom arten det ein gong kom frå og den det ein gong skal bli til. Art dannning og artsbegrepet er difor noko flytande.

Ut frå dei tallause døma på overgangsformer og artdanning skal det her berre nemnast tre:

Utbreidingsmønsteret til gråmåken er som ein ring omkring nordpolen. Om ein startar med denne arten i Vesteuropa og følger den vestover rundt den nordlege halvkula, kan ein sjå at arten gradvis endrar seg. Ingenstad kan ein trekke ei klar artsgrense. Når ein har komme rundt jorda og er tilbake i Vesteuropa, har denne kontinuerlege variasjonen ført til ein ny art, sildmåken, som ikkje lenger kan krysses med utgangsforma gråmåken.

Eit fint døme på omvandlingar er kjeveleddknoklane og mellomøyrenegeionen hos paddedyra. Ved overgangen frå krypdyra til paddedyra (for circa 210 millionar år sidan) vart det danna eit nyt kjeveledd. Dette var naudsynt fordi dyra starta å tygge bytta i staden for å sveigje det heilt. Det gamle leddet var ikkje godt nok tilpassa det nye formålet. To knoklar vart bytta ut med to nye som nå bygger opp leddet hos alle nälevande paddedyr. Dei gamle knoklane vandra inn i mellomøyet kor dei vart til hammer og ambolt.

Fossile funn syner alle mogelege mellomstadium i denne utviklinga. Funna høyrer fordi den ikkje kan utsetjast for

ein vil kalle det for gradvis eller sprangvis utvikling.

- Kreasjonistane spør korleis det er mogleg at der oppstår så komplekse strukturar som t.d. eitauge gjennom ei lang rekke med tilfeldige mutasjoner?

● Spørsmålet gløymer det darwinistiske prinsippet. Evolusjonen er ein prosess som består av to trinn: mutasjon og seleksjon. Mutasjonane er rettnok tilfeldige. Og dei er svært hyppige. Tatt enkeltvis er dei fleste utan direkte innverknad på organismen og gjeiv vanlegvis ingen synlege utslag. Men til saman er desse endringane i arvestoffet med på å auke variasjonen, d.v.s. evolusjonens fundament. Jo større variasjonen er desto mangfoldigare er muligheten for seleksjonen. Denne tar vare på positive mutasjoner, dei negative blir luka ut. Eit komplekst organ blir danna over mange mellomstadium. Alle desse har vore utsette for «prøvekjøring» og seleksjon og gjeir at organet blir stadig betre tilpassa.

● Kreasjonistane spør korleis organ (eller organismar) på førehand kan vere tilpassa ein livssituasjon som dei ikkje har møtt enno. Slik at organet er til stades ferdig danna når det trengs? ● Begrepet preadaptasjon er faktisk uehdlig og kan lett føre til mistyding. Eit organ blir ikkje utforma med hensyn til eventuelle framtidige oppgåver. Men det kan skje ei funksjonsendring ved organ dersom dei eignar seg til den nye oppgåva. Som døme for dette bruker ein ofte kvastfinnefiskane. Dei ser ut til å ha gitt opphav til dei første landvirveldyra i Devontida (for 400–500 millionar år sidan). Til i dag har det berre overlevd ein art av denne dyregruppa, Latimeria chalumnae. Finnane til desse fiskane var slike konstruerte at dei til ein viss grad kunne brukast til flytting på land. Kvastfinnefiskane var difor godt tilpassalivet i området med små grunne innsjøar i tørre strøk. Tørka eit vasshol ut, så hadde dei evne til å finne seg eit nytt!

I dag finst fleire fiskeartar som viser slike første teknik (tilpasningar) til eit liv på land. Schlamming (Peronothalmus) +

mottar energi utanfrå. Det er i hovudsaka tilførsla av solenergi som skaper og opprettheld dei komplekse livsformene. Følgjeliggjeld ikkje thermodynamikkens andre hovudsetning.

Naturvitenskapane (biologi og teologi) (tru)

Som andre naturvitenskapar har biologi og paleontologi til oppgåve å observere og beskrive naturfenomena og å leite etter naturlege forklaringar for desse, d.v.s. forklaringar som ikkje er i strid med naturlovene. I sitt arbeid må ein biolog (paleontolog) vere ein metodisk ateist.

Det er eit faktum at organismane i naturen, mennesket medrekna, kan ordnast i eit hierarkisk system. Biletet av utviklingsstreet som gjenspeglar eit gradert slektskapsforhold, er nærliggjande. Det er tallause overenstemmelsar av resultatata frå så ulike retningar som anatomipaleontologi, molekylærbiologi, som støttar dette biletet. Med hensyn til dei kan ein trygt seie at evolusjonen er den einaste fornuftige forklaring på desse samanhengane. Det ville derfor vere uvitskapeleg for ein biolog eller paleontolog ikkje å sjå på evolusjonen som eit faktum.

Men dette betyr ikkje at det finst ein generell motsetnad mellom naturvitenskap og teologi! Mange vitskapsfolk er religiøse menneske. Vitskapen har ingen kriteriar for å kalle ei teologisk setning for meiningslaus. Og teologien har ingen kompetanse til å uttale seg om naturvitenskaplege problemstillingar eller teoriar. Det er difor viktig å holde desse atskilde frå kvarandre.

Men kva blir da att av kreasjonistane påstand om at utviklingslæra med menneska i rad og rekke med dyra er blasphem! – Ingenting. Tvertimot kan ein påstå at det motsette er sant. Blasfemi er denne holdninga som manifesterer seg i at ein ser seg sjølv som skapingsas herre. Men kven veit om vi ikkje heller er skapingsparasitar enn dens fullendning? Skapinga (evolusjonen) er enno i full gang. Det er mulighet for vidareutvikling!

I dag er det livsviktig at vi blir klare over vår plass i naturen. At vi er eit ledd i ei rekke. Berre ei slik holdning gjeir det mogleg «å utvikle respekt for og tilhørsfølelse